


EIN
VESTLANDSGARD

Rekonstruksjon
av tunet på
Øvre Nes på
slutten av 1880-åra.
Teikning av
Arne Berg, 1968.

Garden NES like innanfor Mundheim ligg på eit skogleidd nes ut i fjorden mellom Mundheimsvika og Bonde-sundet; ein gard med eit innbydande og velstelt kulturlandskap. Men det gamle fellestunet på Nes finn vi ikkje lenger slik det låg. Røykstova og bualoftet frå «Oppistovo» og stabburet og eldhuset frå «Nistovo» vart flytt etter utskiftinga i 1912 til det nye friluftsmuseet som var under oppbygging ved NORSK FOLKEMUSEUM på Bygdøy. Øvre Nes vart delt i to bruk i 1688, og dei låg i eit felles tun fram til 1912.



Båtfigur på eldhusveggen – eit omtykt motiv.



Røykstova i Vika.

Bygningane frå Nes er kjernen i vestlandstunet på Bygdøy og gjev vitjaren ein umiskjenneleg dām av Vestlandet, med røykstover og krittkvit kroting på sotsvart tømmer. Jamvel om vår tid ikkje lenger har så stor sans for museal «kulturimperialisme» som flyttar hus ut or sitt opphavlege kulturlandskap, må vi vedgå at mange dyrebare delar av den norske kulturarven på denne måten har vorte redda for ettertida. Vi kjenner det gamle fellestunet på Nes gjennom

Arne Bergs nøyaktige rekonstruksjon, og dette innholdsrike tunet er framleis å sjå i landskapet. Det ligg fleire eldre bygningar att i tunet, som av dagens eigar vert stelt med stor pietet og respekt for dei historiske verdiane. Gjennom gards-turisme er Nes ein av dei gardane som ønskjer velkomen i kulturlandskapet. □

VIKA, OMASTRAND

Den gamle røykstova som står i tunet i VIKJO litt sør for Omastrand, vart freda i 1924. Stova er frå 1500-talet. Opphavleg omfatta fredinga også ei tohøgda sengebu med sidesval og eit stabbur. Desse bygningane vart overtekte av ungdomslaget i Strandebarm, «Kirkebygdens ungdom», og vart kjernen i eit lite bygdemuseum på Bru. I mange år stod bualoftet på ny tuft like ved sida av skulen, men seinhaustes 1969 vart det rive og ført til Hordamuseet på Stend, der det framleis ligg lagra. Røykstova i Vika står i sin gamle stand i tunet på Omastrand, bygd saman med eit grindbygt eldhus i sørgavlen og ein kleve med sval eller «dør» i nordgavlen. Bygningen er kledd utvendig med liggjande, kantskorne bord, festa med trenaglar. På bordkledningen og på eldhusdøra finn vi innrissa bilete av jakter og andre skuter. Som hesten i innlandsbygdene var båten i fjordbygdene sentral i all transport og samferdsle.



På Hamm, i ei vik ved fjorden, ligg tuftene etter eit langt skipsnaust. 31 meter langt og 12,5 meter breitt. Nausttufta går tilbake til yngre jernalder. Truleg har dette vore eitt av leidangsnausta i Strandebarm skippreide. Namnet talar for seg sjølv.